




Nesbyen kommune
postmottak@nesbyen.kommune.no

10.11.25

Klage på vedtak Detaljreguleringsplan for Vadbrue Masseuttak 2 Planid 01202302

Naturvernforbundet i hallingdal meiner at planvedtaket er i strid med nye statlige føringar og manglar ein oppdatert, heilheitleg vurdering av konsekvensane for landskap, naturmangfald og friluftsliv. Me vil difor med dette klage på planvedtaket for Vadbrue Masseuttak 2 i Nesbyen kommune og grunngje klagen slik:

- 1) Me meiner at **kunnskapsgrunnlaget og kartlegginga av naturmangfaldet** i området der utvidinga av masseuttaket skal skje, er for dårleg og tilfredstiller ikkje dei krava me i dag stiller om kunnskapar om naturmangfaldet jmf Naturmangfaldlova § 8-12. Dette går tydleg fram av Artskart i Artsdatabanken.



Kartet viser at det mest ikkje er gjort registreringar i planområdet. Kartlegging må gjerast etter **NiN systemet** og bør foregå gjennom alle årstidene. **Det held ikkje å berre kartleggje naturtypen i eit område- også naturmangfaldet på artsnivå må kartleggjast.**

Det er kommunen sitt ansvar å skaffe til vege kunnskapar om naturmangfaldet i kommunen slik at kommunepolitikerane kan fatte kloke og langsiktige vedtak der hensynet til natur og miljø er ivaretekje.

Sidan det ikkje er gjort ei naturkartlegging i området, vil ein utsjekk i Artsdatabanken ha liten verdi m h t å skaffe eit kunnskapsgrunnlag. Kommunen konkluderer altså her med at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg utan å ha undersøkt området m h t biologisk mangfald på artnivå (t d sopp og lav).

Kommunen har difor gjort eit vedtak utan å ha innhenta tilstrekkelege kunnskapar om naturverdiane i området. Dette er opplagt i strid med Naturmangfoldslova § 7 , 8 og 9.

Dette sviktande kunnskapsgrunnlaget kan ha ført til at kommunepolitikerane på Nesbyen godkjente reguleringsplanen. Denne feilen kan ha virka bestemmende for vedtaket (jmf forvaltningslova § 41) og vedtaket er difor ugyldig.

Sivilombudet har i brev nyleg (desember 2024, sak 2024/1117 Kjellhovda) stadfesta krav om kunnskapsgrunnlaget i slike utbyggingssaker : " Det følger av naturmangfoldloven § 8 første ledd første punktum at offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet så langt det er rimelig skal bygge på vitenskapelig kunnskap om blant annet naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. "

- 3) I Plan og Bygningslova er det krav om at det ikkje kan gjerast **inngrep i eit belte på 100 meter frå vatn, bekkar og vassdrag med årssikker vassføring**. Denne regelen er viktig for å ivareta naturmangfaldet i og rundt vassdraget. Vegetasjonen som fins i dette 100 metersbeltet, huser eit rikt biologisk mangfald, stabiliserer jordsmonnet og er med på å forebyggje erosjon, flaum og skred ut mot vassdraget.

Avstanden på 100 meter er ikkje ivareteke i dette planvedtaket.

- 4) I samband med knusinga av stein, kan lausmassar (t d finstøv), kjemikaliar og olje følgje med vatnet som renn ut av anleggsområdet og ut i Rukkedøla. Ein må ta høgde for ekstremvær og store nedbørsmengder som kan kome på kort tid og som truleg vil føre til mykje avrenning og utslepp til Rukkedøla. Knust stein med skarpe kantar kan skade gjellene på fisken. Rester av nitrogen frå sprengstoff kan også renne ut med overflatevatnet.
- 5) Planområdet er særskild viktig nær-turområdet for mange som bur i Nesbyen sentrum. Me meiner at friluftsinteressene ikkje er godt nok ivareteke i planvedtaket.
- 6) Det burde vore gjennomførast ei kartlegging av støv og støyplager som naboane til masseuttaket opplever, før ein godkjenner ei utviding av masseuttaket.

OPPSUMMERT:

Dette planvedtaket har store manglar m h t konsekvensar for naturmangfaldet og kunnskapsgrunnlaget er for svakt. Planvedtaket manglar ein heilheitleg vurdering av konsekvensane for landskap, naturmangfald og friluftsliv. Me vil difor med dette klage på planvedtaket for Vadbrue Masseuttak 2 .

Naturvernforbundet i Hallingdal
ved Olav Arne Løstegaard